

---

Saksnr: 2020/71630-3  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

---

Fylkesrådmannen orienterer om rutinane for tilbakemelding på status for verbalpunkta i budsjettet

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

**Samandrag**

Føremålet med denne saka er å høyre fylkesrådmannen orientere om rutinene for tilbakemelding på status på verbalpunkta i budsjettet

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorråddevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Oversending til kontrollutvalet om status oppfølging av vedtekne verbalforslag i fylkestinget i PS 14/2019 - Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023
- 2 Oversikt status oppfølging av vedtekne verbalforslag i fylkestinget i PS 14/2019 - Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Dette vart protokollert i sak PS 85/20 i møte i kontrollutvalet 17.09.2020:

### Handsaming i møte

#### 2. Innspel frå fylkesordførar om verbalforslag i budsjettet:

Leiar i kontrollutvalet, Dan Femoen, fekk slik e-post frå fylkesordførar, Jon Askeland, 16.09.2020:

*«I sakspapira til FU i morgon ligg det RS-sak over politiske saker som kjem. Dette er bra. Men, politisk nivå har ved fleire høve bede administrasjonen om å også leggja fram oversikt over status på verbalpunkta i budsjettet, då desse ofte har form som bestilling av politisk sak. Det ligg til KU å sjå til at administrasjonen følgjer opp politiske vedtak.*

*Eg har drøfta dette med fylkesrådmannen, og han er samd i vurderingane mine, så det ligg inga konflikt i at eg tek dette opp med deg. Eg ser det meir som at vi vurderer betre system på tilbakemeldinga på verbalpunkta i budsjettet, som del av varsling av komande politiske saker.»*

Etter felles drøfting vart kontrollutvalet samde om å be fylkesrådmannen om komme i neste møte for å orientere om saka.

E-posten er også vidaresend til Deloitte slik at dei kan ta det med seg i det vidare arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) som dei held på med no.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### Vedtak

2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å komme i møte 12.10.2020 for å orientere om rutineane for tilbakemelding på status på verbalpunkta i budsjettet, jf. e-post frå fylkesordførar.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

### Vurderingar og verknader

Vi har motteke vedlagte skriftlege orientering i høve vedtaket frå kontrollutvalet. Det går m.a. fram av tilbakemeldinga at dette også er lagt fram som RS-sak i fylkesutvalet og fylkestinget 29.09.2020. Vidare går det fram at slik status er tenkt lagt fram halvårleg, men grunna arbeidssituasjonen i 1. halvår 2020 rakk ein ikkje å legge det fram i junetinget.

I tillegg er det avtalt at fylkesrådmannen kjem i dette møtet for å orientere munnleg om saka.

### Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko vesentleg nytt i den munnlege orienteringa som fylkesrådmannen skal gje vert det tilrådd et kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.